

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Jan Magne Svåi  
Arkivsaksnr.: 20/1705

Arkiv: M0 &00

---

## **Ny renovasjons- og slamforskrift for SIMAS IKS - høyring**

### **Rådmannen si tilråding:**

- Luster kommune støttar i hovudsak framlegget til ny renovasjon- og slamgebyrforskrift for SIMAS IKS.
- SIMAS IKS må i gebyrsatsar for hytte/fritidsbustadar vise kva grunngbyret og/eller variabel del er.  
SIMAS IKS bør vurdere om ikkje nivået på grunngbyret(fast del) er for høgt i høve variabel del. SIMAS IKS bør vurdere om ikkje formuleringar for fritak bør opna for ordning med meir langvarig og større fritak enn det vert lagt opp til.
- SIMAS IKS må ta stilling til om tilleggsgebyr på ein hentestad som ikkje ligg direkte ved køyreveg og skal gjelde nedgravne løysningar.

## **Saksutgreiing:**

**Prenta vedlegg:** - Gjeldande renovasjon- og slamforskrift for SIMAS IKS, vedteke i Luster kommunestyre 17.11.216  
- Høyringsbrev  
- Framlegg til ny renovasjon- og slamforskrift for SIMAS IKS

## **Uprenta vedlegg:**

## **Samandrag:**

SIMAS sender med dette framlegg til endring av gjeldande renovasjons- og slamforskrift på høyring. Framlegget baserer seg på eit forslag om mindre endringar av den noverande forskrifta. Av praktiske omsyn legg ein likevel til grunn at endringane bør gjennomførast ved at ein vedtek ei ny forskrift.

Forskrifta er heimla i ureiningslova av 13. mars 1981 og er meint innført frå 01.01.2021.

I saka vert det gitt høyringsinnspel til ny renovasjon- og slamforskrift for SIMAS. Luster kommune støttar i hovudsak opp om endringane.

## **Utval som har vedtaksmynde:**

Formannskapet som uttaleorgan, jf delegasjonsreglementet.

## **Fakta:**

SIMAS skriv at det er fleire grunnar til å gjera framlegg om revisjon av noverande forskrift.

- SIMAS har innført ein ny gebyrmodell som gjer det naudsynt med enkelte tilpassingar i regelverket.
- Etter at den noverande forskrifta har vore verksam frå 2017, har SIMAS også erfart at det er behov for språklege endringar og presiseringar for å gjere handsaming av regelverket meir effektivt og praktiseringa meir føreseieleg for abonnentane.

Under følgjer ei oversikt og forklaring over endringane som den nye forskrifta vil innebere. Meir utfyllande informasjon er i vedlegg, høyringsbrev,:

- Språklege endringar utan materielle konsekvensar
- Presisering av kva type einingar som vert omfatta av fritidsrenovasjon, basert på omgrepsbruken i matrikkelen, jf. § 3
- Legaldefinisjon av omgrepet «bueining», jf. § 3
- Fjerning av ordning med redusert gebyr ved heimekompostering jf. § 14. og § 19

Følgjande tekst er fjerna i framlegg til ny forskrift § 14:

*Ved inngåing av avtale om heimekompostering, må kvar abonnenteining gjennomføre eit kurs i heimekompostering eller ha gjennomført kurs i heimekompostering godkjent av SIMAS.*

*Abbonentar som inngår avtale og på denne måten reduserer si eiga avfallsmengde, får ein reduksjon i avfallsgebyret.*

Følgjande tekst er fjerna i framlegg til ny forskrift § 19:

*....,herunder heimekomposterer,....*

- Klargjering av korleis slamgebyr vert fastsett jf § 16.

Følgjande tekst er ny (kursiv tekst) i framlegg til ny forskrift:

Abonnten skal betale slamgebyr for kvar einskild slamavskiljar/tank. *Slamgebyret vert fastsett på grunnlag av registrert tankvolum. Om tømmevolumet overgår registrert tankvolum, kan SIMAS krevje særskilt tømmegebyr for å dekkje sine ekstrakostnader.*

- Tilleggsgebyr ved særlege formar for avfallstømming. Jf. § 17.

Følgjande tekst er ny (kursiv tekst) i framlegg til ny forskrift:

Fast *del av gebyrgrunnlaget (avfallsuavhengig grunngebyr)* vert fastsett likt for alle abonnentar uavhengig av behaldarstorleik, tenesteomfang mv

SIMAS fastset gebyr til dekking av utgifter for tilleggstenester som utkøyring eller henting av avfallsbeholdarar. *SIMAS kan og fastsette eit tilleggsgebyr for abonnentar som har fått samtykke frå SIMAS til å plassere avfallsbeholdarane på ein hentestad som ikkje ligg direkte ved køyreveg, som t.d. ved innandørs plassering av avfallsbeholdarar.*

- Ny fritaksmodell kor abonnentane anten kan få fritak frå heile renovasjonsgebyret, eller berre for ein variabel del. Jf. § 18

Følgjande tekst er ny i framlegg til ny forskrift:

*Abonntar vil etter søknad kunne få fritak frå den variable delen av gebyret for bueiningar som ikkje vert nytta. Dette krev at bueininga står unytta i meir enn seks månader samanhengande. Lite bruk kvalifiserer ikkje til fritak. SIMAS kan gi fritak for inntil eit år. Forlenga fritak krev ny søknad og dokumentasjon som godtgjer at bueininga har stått unytta. SIMAS fastset gjennom retningslinjer nærare vilkår for fritak og kva dokumentasjon som vert kravd.*

*Abonntar som kan dokumentere at ei abonnenteining ikkje kan nyttast, vil etter søknad kunne få fritak frå både fast og variabel del av gebyret. SIMAS fastset gjennom retningslinjer kva brukshindringar som kvalifiserer til fritak og kva dokumentasjon som vert kravd.*

*Abonnten pliktar å gje omgåande melding når brukshindringa fell bort. Vert slik melding ikkje send, kan SIMAS krevje gebyr for perioden abonnenteininga var urettmessig fritaken.*

### **Vurdering:**

SIMAS sine vurderingar

#### Økonomiske konsekvensar:

SIMAS vurderer det slik at dei nye forskriftene ikkje påfører abonnentane nemnande nye plikter som skulle medføre økonomiske konsekvensar i form av ein auke i nivået på avfallsgebyra. Samstundes vil nokre abonnentar kunne oppleve at dei berre får fritak for ein del av avfallsgebyret, medan dei tidlegare har fått fritak frå heile gebyret.

#### Praktiske og administrative konsekvensar:

I samband med innføringa av den nye gebyrmodellen, er det pårekneleg at administrasjonen vil få noko auka arbeidsbelastning i ein avgrensa periode.

Dei språklege endringane ein legg opp til i den nye forskrifta, vil forhåpentlegvis gjere at regelverket vert enklare å praktisere og meir føreseieleg for abonnentane.

Rådmannen sin vurdering:

SIMAS sin reviderte gebyrmodell har vorte møtt med ein del kritiske røyster. Det er sågar hevda at den er utanfor lov/regelverk. Rådmannen har ikkje kompetanse til å vurdere dette, men det er viktig at modellen vert akseptert/ har forståing og legitimitet.

Fritak/høve til redusert gebyr for ei teneste du ikkje nyttar/ikkje har bruk for og forholdet mellom fast og variabel del av gebyr er sentralt i dette bilde og rådmann oppmodar SIMAS om å vurdere desse forholda nærare i samband med utforming av ny forskrift.

Den nye gebyrmodellen legg opp til at ein bare får fritak for den variable delen av renovasjonsgebyret. Det står vidare at det er bueingar som kan få fritak, og bueingar er, jf. framlegg til ny forskrift, rom for matstell og kvile. Fritidsbustad kjem inn under den definisjonen

For 2020 er det grunngebyret (fast del) på kr 3.105,- for alle typar hushaldningsgebyr, men det kjem ikkje fram sum på fast del for hytter og fritidsbustadar. Dette må SIMAS legge fram før ny forskrift blir vedtatt.

Spesielt når det gjeld fritidsbustader er det i vår region stor forskjell i storleik, standard og bruk. Dette burde gebyrmodellen dekkja betre opp.

For å få fritak må bueingar stå unytta i meir enn seks månader samanhengande. Lite bruk kvalifiserer ikkje til fritak/reduksjon.

Det kjem fram i vilkåra for å få fritak for heilårsbustad, og fritidsbustadar, kva som blir kravd for å kunne få fritak.

Det er rådmannen sin vurdering av det er få bustadar/fritidsbustader som vil kunne få fritak/reduksjon, unntatt dei som står til nedfalls, eller er permanent fråflytta, og som ikkje er i bruk deler av året. Dette kan verka urimeleg «strengt.

»

Ny forskrift legg og opp til at SIMAS kan fastsette eit tilleggsgebyr for abonnentar som har fått samtykke frå SIMAS til å plassere avfallsbeholdarane på ein hentestad som ikkje ligg direkte ved køyreveg, som t.d. ved innandørs plassering av avfallsbeholdarar.

Ny forskrift må ta stilling til om dette og skal gjelde nedgravne løysningar.

Det er og rådmannen sin vurdering at det var behov for og viktig med språklege endringar og presiseringar for å gjere handsaming av regelverket meir effektivt og praktiseringa meir føreseieleg for abonnentane.

Rådmannen si vurdering er at Luster kommune i hovudsak skal stille seg positiv til framlegget for ny renovasjon- og slamgebyrforskrift for SIMAS IKS.

Samtidig meiner rådmannen at her er nokre forhold som bør vurderast nærare i forskrifta og/eller i oppfølgjande arbeid.

Dato: 30.05.20

Jarle Skartun  
rådmann

Jan Magne Svåi  
Rågjevar eigedom

---

Særutskrift skal sendast: SIMAS IKS  
m/kopi til:

